

**Skolenes Landsforbund ved Sevland skole sitt innspel til
høyringsbrev angåande endringar i forskrift om inntaksområde for
Åkra skole, Sevland skole, Grindhaug skole og Ådland skole i
Karmøy kommune.**

Endringane som kjem i høyringsbrevet er me i Skolenes landsforbund på Sevland skole, ganske overraska over. Me ser ikkje at elevar kan vera tente med eit brått skifte av skule midt i skuleløpet deira. Måten dette har blitt handsama på fører til utrygge, usikre og spørjande elevar på ulike skular, og me veit at spesielt sårbare elevar opplever at dette blir ei usikker framtid og at dei lurar på kva som kjem til å skje med dei. Me ser at det er gjort ei viss utgreiing av skulebygg og utområder, men finn ikkje noko utgreiing av dei psykososiale konsekvensane for elevane.

På Sevland skole har me eit godt læringsmiljø for elevane våre, dette kan me ha då romkapasiteten er brukbar og me kan lettare tilpassa, ha individuell tilrettelegging og dela i grupper. Det betyr ikkje at det er mange, eller nok grupperom på Sevland skole. Me har seks grupperom, ikkje sju som står i høyringsbrevet, som kan vere disponibele ulike stadar på bygget. Fleire av grupperomma må brukast fast til individuell tilrettelegging. Dersom skulen skulle fått ei auke til 216 elevar frå skuleåret 21/22, ville dette ført til at berre to klassar ville komme under den tilrådde kapasiteten på maksimalt 24 elevar (ref. høyringsbrevet). For å ikkje koma over denne tilrådde kapasiteten pr. klasserom, måtte allereie til neste skuleår fem av klassane på Sevland skule blitt til to- parallelle klassar.

Sjølv om dei to store klasseromma hadde blitt delt, ville det totalt på skulen blitt få grupperom til denne store auka av elevar. I tillegg kjem mellom anna behov for fleire toalett til elevane, utbetring av garderober til småskulen, garderober til SFO- tilsette, auke av parkeringsplassar for tilsette.

Me ser heller ikkje at det er tatt høgde for at Velkomstklassen på skulen vår skal fortsetta i følgje den rominndelinga som ligg til grunn i høyringsutkastet. På vår skule er Velkomstklassen ein integrert del av kvardagen. Det å inkludera, ha forståing og respekt for medelevar med ulike bakgrunnar er ein sentral del av opplæringa. Me vil sjå på det det som eit tap dersom dei og den kompetansen som lærarane har forsvinn frå oss.

Det er ei naturleg auke i busetting av barnefamiliar innanfor den noverande skulegrensa. Det er og i gong ei utbygging på 35 boligar på Mannes som nok vil føre til ei auke i vårt elevtal på Sevland skole. Kva vil skje med desse nye grensene etter kvart som åra går, og dersom skulen blir naturleg fylt opp, skal dei då flyttast på ny?

SL Sevland skole ser sjølvsagt at me er eit lite personale, og at det for oss hadde vore positivt å få eit større fagmiljø med både meir, og kanskje annan kompetanse, at det hadde vore fornuftig å kunna samarbeida mellom fleire, og at det hadde gitt oss større spelerom og fagleg utvikling. Elevane på skulen vår ville hatt fleire medelevar å spele på både fagleg og sosialt, noko som hadde vore både fint og rett for dei fleste av dei.

Me synast derimot ikkje at dette er rette måten å gjera det på, dei fleste elevar er veldig knytte til skulane sine. Dei treng å få ei eventuell flytting, auke av klassar og medelevar varsamt og klokt forklart i god tid, på ein pedagogisk og riktig måte. Ein naturleg overgang vil til dømes vera å planlegga og strukturera ei «innfasing» frå 1. klasse av. Ikkje slik som me ser oftare og oftare; at det kjem fram ulike utspel i lokale media, at elevar frå andre skular har sagt noko, eller andre føresette har sagt noko som uroar elevane.

Skolenes Landsforbund på Sevland skole, vil derfor sterkt oppmora Karmøy kommune til langsiktig og klar tenking. Det er ikkje er ønskeleg med desse stadige debattane og forhandlingane mellom partia om skulebygg, skuleskifte eller skulegrenseskifte verken for føresette, tilsette eller dei elevane som går på skulane!

Med helsing

Skolenes Landsforbund, Sevland skole